

# Kommunestruktur og Hamnsundsambandet

## HARAM

I Nordre og på smp.nett står det at er eg negativ til ordføraren sitt soloutspel når det gjeld Hamnsundsambandet inn i kommunereformarbeidet. Eg er negativ til at han uttalar seg på vegner av oss i forhandlingsgruppa utan å spørje oss. Eg er IKKJE negativ til Hamnsundsambandet, la det vere heilt klart!

Hamnsundsambandet er for

oss her i Haram eit særdeles viktig prosjekt som heilt klart må vere ein del av strukturpakken som ein ny kommune kan gi oss. Hamnsundsambandet vil vere ein naturleg konsekvens av endra kommunestruktur, for kva slags effektivisering vil vi få om vi ikkje legg til rette gode kommunikasjonstilhøve og infrastruktur?

Det å klare å realisere Hamnsundsambandet er noko av det viktigaste næringslivet og inn-

byggjarane i Haram treng for å betre framkommeligheita til flyplassen og til byen og arbeidsplassane våre der. Den store pendlinga også inn frå Ålesund til vårt lokale næringsliv gjer at det også er i deira interesse å få dette sambandet på plass.

Saka er tatt ut av ein kontekst som bunnar i at ordførar kom med krav om Hamnsundsambandet for å i det heile tatt gå vidare i forhandlingane, noko som skapte forvirring og irrita-

sjon frå andre kommunar. Det ligg sjølvsagt i våre forhandlingskort at vi har Hamnsundsambandet på vår ynskeliste, men i denne intensjonsavtalen er det det store bildet som skal skape ei ramme for vidare samarbeid, så kjem alle dei lokale ønska inn ved seinare høve!

At representanten Ulla som sit rundt forhandlingsbordet saman med ordføraren er einig i ordførar i eit og alt får stå for eiga rekning. Men vi er likevel 5

– Ein sterk regionskommune vil utløyse infrastruktur

valde forhandlingsmedlemmar som bør bli rådspurt om det er store saker som skal bringast fram, det er trass alt framtida til HEILE Haram kommune (både indre og ytre og øyane) som skal framforhandlast.

Prosessen i å få på plass ein god intensjonsavtale mellom kommunane i Regionkommunen Sunnmøre bør tuftast på gode opne dialogar, tillit og respekt for kvarandre. Då ser eg det som lite formålstenleg å

kome med utspel for å skape uvisse, men det er kanskje det ordførar Krogsæther ynskjer?

Utan å få med oss kommunane rundt som Giske, Sula, Ålesund, Skodje vil realisering av Hamnsundsambandet bli vanskeleg. Ein sterk regionskommune vil utløyse infrastruktur ikkje berre gjennom Hamnsundsambandet men også andre prosjekt som Borgundfjordtunnelen. Eg meiner at infrastruktur som gjer kvarda-

gen til både innbyggjarar og næringslivet vårt lettare, vil gi vår region ein styrke vi treng for å bygge eit berekraftig samfunn for dei neste 50 år!

**EWA HILDRE**

Forhandlingsmedlem/Formannskapsmedlem (Haram Høgre)